

## Høyringsuttale frå Fortun bygdelag (FB).

1. FB ser at forslaget til ny transformatorstasjon i Fortun fører til tap for bygda når det gjeld miljø og naturoppleving. Her ynskjer FB ein konstruktiv kompensasjon. Bygdelaget vil difor stilla seg bak framlegg til kompensasjon som er kome frå Fannaråk IL. (skigruppa) om etablering av ny skiløype.
2. FB ynskjer at det vert utreia å leggja kabel like frå det gamle friluftsanlegget til Hydro over bruene og opp til den nye trafo-stasjonen. Då kan dei gamle mastene fjernast heilt. Dette vil gjera anlegget mykje mindre skjemmande i Fortun. Bygda har bore stor kostnad miljømessig for at krafta skal koma samfunnet til gode. Når så store inngrep og endringar likevel skal gjerast, då meiner me dette bør vurderast, kalkulerast og om råd gjennomførast. Det er eit mindre tillegg med stor gevinst for natur og miljø.
3. Den gamle bruа over elva bør fjernast. Når ei så pass god bru er på plass så har den gamle ingen nyttefunksjon. Ho skjemmer område. Dessutan inneber ei slik bru fare utan stadig vedlikehald. Kven er ansvarleg for at slikt vedlikehald vert gjort på ei bru som er ute av drift? Utbyggjar må difor få bruа fjerna.
4. Når det gjeld kabelgrøfter og ny landbruksveg, så forutset Fortun Bygdelag at dette vert planlagd og utførd i samråd med, og til beste for vedkommande grunneigarar/forpaktar.
5. Med tanke på depot og nytt landbruksareal bed FB om at alternativ i Fortun vert vurdert grundig. Dette må sjølvsgåt fyrst og fremst gjerast i samråd med grunneigar/forpaktar, men dernest også ut frå kva som gagnar det nære landbruket best. Her ville me ynskt utreiling av betre alternativ; både landbruksareal og eventuelt areal for næringsverksemd. Til dømes ynskjer fleire gardar heva jordbruksareal, både ved å fylla i søkk som samlar store dammar, og på stader der det er risiko for overfløyming frå elva.
6. Ein eventuell stenging av hovudveg i samband med anlegg, vegoppgradering/bru, bør mest mogleg unngåast. Når det skjer, bør det skje på ei tid det ikkje skapar unødig store ulemper for landbruk og lokal aktivitet. Sommaren (juni – midt i aug), som også er høgsesong for turisme med stor trafikk, bør unngåast både til vegutbetring og transport frå Skjolden.
7. For ulemper i anleggstida som vegstenging, støv og støy med meir, ynskjer bygdelaget ein kompensasjon i form av midlar til erstattande tiltak, gjerne utbetalt til FB som då kan disponera dette til bygdas beste. Bygdalaget held på med oppussing av sentrum og kan koma attende om konkrete ynskjelege tiltak.
8. Skøyting av linjer medfører kvasse smell. Desse og arbeid som elles kan tenkjast å vera sterkt støyande, må ikkje skje utan grundig varsling, både i god tid på førehand, og like før (same dagen), slik at dei som har husdyr kan ta naudsynlege grep for å unngå skade på husdyr (særleg er hest og hund svært utsett).